

NOTAT

Til: Styringsgruppa i Miljøløftet
Frå: Sekretariatet
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandlar/telefon:
Kari Gåsemyr / 957 68 004
Vår dato: 21.03.2025

Orientering om forslag til prioritert rekkefølge av vedtekne prosjekt på post 30 til 66.

Føremålet med denne førespurnaden er å få eventuelle kommentarar eller innspel knytt til sekretariatet sitt forslag til innbyrdes prioritering mellom prosjekt på post 30 til 66 vedteke av styringsgruppa.

Bakgrunnen for at vi har laga forslag til innbyrdes prioritering av prosjekt, er at prioriteringa elles vil bli gjennomført av Statens vegvesen. Vi ønskjer med dette å sikre transparens med omsyn til kva kriterium som blir nytta for prioritering, og dermed kva prosjekt som vil bli prioritert først, dersom tildelinga over statsbudsjettet ikkje blir tilstrekkeleg til å kunne starte opp alle prioriterte prosjekt i 2026.

Under gjer vi nærare greie for

- Bakgrunnen for saka*
- Prioriteringskriterium*
- Sekretariatet sitt forslag til prioritert rekkefølge*

Bakgrunn for saka

Bruk av post 30 til 66 blei vedteke av styringsgruppa 12. mars 2025, og med dette blei også innspel til statsbudsjettet for 2026 vedteke.

Sekretariatet har etter møte med Statens vegvesen blitt oppfordra til å levere ei prioritert liste for vedtekne post 30 til 66-prosjekt som vil bli spelt inn til statsbudsjettet for 2026. Dette ble også nemnt i ein kommentar til handlingsprogrammet av Nils Magne Slinde (Statens vegvesen) i styringsgruppemøtet den 12. mars i år.

Det har ikkje vore praksis for å gjennomføre ein innbyrdes prioritering mellom prosjekta i styringsgruppa tidlegare. Sekretariatet har fått opplyst at det likevel har blitt gjennomført ei slik prioritering av Statens vegvesen. Dette er fordi prosjekta må vere innbyrdes prioriterte når dei blir melde inn til statsbudsjettet.

Utgangspunktet er at staten har forplikta seg til ramma i byvekstavtalen. I avtalen er det samtidig tatt atterhald om årleg løyving over statsbudsjettet. Dette inneber at dei årlege tildelingane kan bli mindre enn ønskt. Om ramma for 2026 skulle bli mindre enn forventet, vil tildeling av midlar per prosjekt skje med utgangspunkt i ei prioritert rekkefølge av prosjekta. Det vil ikkje vere mogleg å avvente om det faktisk blir ein situasjon med ei mindre ramme over statsbudsjettet, for så gjennomføre ei prioritering av prosjekta, grunna knappe fristar.

Sekretariatet ønskjer at det skal vere transparens knytt til dei prioriteringane som blir gjennomført mellom prosjekta i Miljøløftet og legge til rette for at partane skal kunne medverke.

For 2026 er prosjekta på post 30 til 66 vedteke av styringsgruppa, men ikkje i prioritert rekkefølge. Korleis vi kan legge til rette for dette i framtida må vi komme tilbake til, men for 2026 har vi utarbeidd kriterium for prioritering mellom prosjekta. Med utgangspunkt i desse foreslår sekretariatet ei prioritert rekkefølgje for prosjekta som vi vil spele inn til Statens vegvesen.

Fristen er dessverre knapp fordi vår frist til å sende inn prioritert liste er 31. mars 2025.

Vi ber om eventuelle innspel eller merknader til prioriteringskriteria eller forslaget til prioritering under så snart som mogleg og seinast innan torsdag 27.mars.

Prioriteringskriterium:

Sekretariatet foreslår å gjennomføre ei innbyrdes prioritering mellom prosjekta med utgangspunkt i følgjande kriterium:

1. Måloppnåing på prosjektet
2. Tidlegare løyvingar per kommune i forhold til ramme i byvekstavtalen (inkl. eventuelle bindingar)

Tabellen under viser del løyvingar per kommune i høve til ramme for perioden 2019-2025.

Tabell 1

Andel bevilgninger ift. ramme 2019-2025 (inkl. bindinger)	
Bergen	72 %
Alver	26 %
Askøy	43 %
Bj.fjorden	64 %
Øygarden	15 %

Sekretariatet sitt forslag til prioritert rekkefølgje

Med utgangspunkt i kriteria over har sekretariatet utarbeidd følgjande forslag til prioritert

rekkefølge av prosjekta som vil bli spelt inn til statsbudsjett 2026:

Tabell 2

Prioritet	Kommune	Prosjektnavn	Måloppn.	Kostnad 26-29
1	Øygarden	Bildøyvegen/Straumsundet bru	9	188 100
2	Bjørnafjorden	Snarvegar Osøyro	9	10 000
3	Bjørnafjorden	Sykkelparkering	9	3 135
6	Alver	Ostereidet/Lindsdalen, fortau	8	27 700
5	Bergen	Johan Berentsens vei - etablering av fortau	8	43 800
4	Alver	Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering	7	11 100
7	Øygarden	Skogsskiftet sentrumsområde	6	131 787
8	Bjørnafjorden	Ferstadvegen	6	4 000
9	Bergen	Gang- og sykkelveg Ytre Arna - Breistein	6	8 500